

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 04.10.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Angunn Handegard Trå, Veslemøy Mjelde, Oddmund Skeie, Thorleif Gjernes, Ingebjørg Grøtt og Liv Bente Steiro

Referent: Kaia

Sak 2022/62: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2022/63: Godkjenning av referat frå styremøte 13.09.2022. Godkjent

Sak 2022/64: Eigedomar:

- Meieriet, leigeavtalen med Kram Sjø er ført vidare i fem år, for perioden 01.01.2023 – 31.12.2027. Ny feittutskiljar skal installerast på kjøkenet av leigetakar, noverande utvendige utskiljar (tidlegare septiktank) fjernast av HB når ny feittutskiljar er montert.
- Asfaltering av skuleplassen-status – sak i neste møte.
- Reparasjon av rekkverk (wire) på kulturstien ved nedgangen til Vassel – neste møte.
- Nye vindauge i kulturhuset i vegg mot nord og ny dør i skytja; vindauge er bestilt, vert sett i til våren.

Sak 2022/65: Tilstellingar:

- Oppsummeringsmøte etter årets turistsesong vert 18.10.2022 kl. 19.00 på kulturhuset. Invitasjon til aktuelle verksemder og på plakat/Facebook. Alle velkomne!

Sak 2022/66: Ullensvang kommune:

- Plan for helse og omsorg ligg ute på høyring, uttalefrist 07.10.2022. Bygdelaget sender inn ein kort uttale.
- Temaplan for kultur 2023-2027 ligg ute på høyring, uttalefrist 09.10.2022. Bygdelaget sender inn ein kort uttale.

Sak 2022/67: Økonomi:

- Status; utsett til neste møte.

Sak 2022/68: Nærmiljøanlegget:

- Ballbingen er ferdig; beisa to strøk, basketstativ er fiksa og nytt kunstgrasdekke med demping er lagt. Kommunen har sytt for kassering av det gamle kunstgraset utan kostnad for oss, tusen takk! Gjerdet mellom leikeområda og på nedsida av kulturhuset; alle stolpar er pussa, grunna og malte og nytt gjerde er montert. Tusen takk til alle fantastiske dugnadsfolk!
Rekneskapen for anlegget er godkjent av kommunen og av offentleg godkjent revisor. Det vert søkt om MVA refusjon innan fristen 01.12.22.

Sak 2022/69: Andre saker/eventuelt:

- Hastrydding; Ole og Trond Vikane tek inn båten og benken ved båtbyggjarmuseet. Benkar og bord rundt kulturhuset skal setjast inn under tak og blomepotter inn i hus.
- Glassmonter til bunadsdokker vert kjøpt.

Neste styremøte tysdag 08.11 kl. 19.00 på Herand kulturhus